

VEDLEGG 2:

Vedlegg til løyve gitt av Fylkesmannen i Telemark

GENERELLE VILKÅR

Ansvar

Konsesjonseigar er ansvarleg for at avfallsanlegget vert drive i samsvar med løyvet, og at utsleppet til ein kvar tid er i samsvar med krava. Brot på krava er straffbart etter forureiningslova kap. 10.

Dette løyve frittek ikkje søkjaren for innhenting av naudsynte løyver for andre delar av verksemda på avfallsplassen, som til dømes for arbeidsmiljø, brann- og eksplosjonsvern mv. Løyvet frittek ikkje anleggseigar for erstatningsansvar etter vanlege erstatningsreglar, jfr. forureiningslova § 10, andre ledd.

Endringar som anleggseigar ønskjer å gjera i høve til løyvet, må godkjennast av Fylkesmannen.

Forureiningsgebyr

Dersom fastsette fristar vert oversitte kan Fylkesmannen fastsette forureiningsgebyr for å sikre at tiltaka vert gjennomført som forutsett i løyvet, jfr. forureiningslova § 73.

Juridisk verkeområde, forandring av vilkår, tilbaketrekking av løyve

Løyvet er underordna forureiningslova, og er ellers overordna nasjonale og regionale forskrifter, retningslinjer og veiledningar, med mindre noko anna ikkje er angjeve i løyvet.

I medhald av forureiningslova § 18, kan Fylkesmannen oppheve eller forandre vilkåra i løyvet eller fastsette nye vilkår, og om naudsynt trekkje løyvet attende. I alle tilfelle kan løyvet trekkjast attende eller endrast når det er gått 10 år frå løyvet blei gjeve.

Inspeksjon

Den som har fått løyvet pliktar å la representantar frå forureiningsmyndigheitene inspiserer anlegget til ein kvar tid, jfr. forureiningslova § 50.